



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato
27.05.2014
Dykkar dato
21.05.2014

Vår referanse
2014/6322 421.3
Dykkar referanse
13/2055

Stord kommune
Regulering, byggesak og oppmåling
Postboks 304
5402 STORD

Stord kommune – E 39 Heiane - Ådland / Nordre Tveita Høyring av forslag til planprogram for kommunedelplan

Vi viser til e-post frå Statens vegvesen datert 21.05.2014 og møte i regionalt planforum med tema oppstart av planarbeid for parsell på E 39 mellom Heiane og Ådland/Nordre Tveita i Stord kommune.

Det går fram av oppstartmeldinga at føremålet med planarbeidet er å fastsetje trase og andre overordna prinsipp for utviklinga av E 39 mellom Heiane og Ådland/Nordre Tveita.

Fylkesmannen tek til etterretning at denne delen av E 39 skal planleggast i regi av kommunen og ikkje som lekk i den statlege planlegginga for heile strekninga mellom Aksdal og Os.

Vi har vidare merkt oss at prosjektet er ein del av «Stordpakken» og såleis skal delfinansierast med bompengemidlar. Val av trasé og kryssløysingar vil få konsekvensar for sentrale delar av Stord kommune. Sidan hovudparten av trafikken vil vere lokalgenerert, bør det difor leggjast særleg vekt på dette sjølv om vegparsellen er ei lekk i Kyststamvegen. Vi merkar oss at det i framlegg til planprogram går fram at: *«Veganlegget skal på ein god måte ta omsyn til lokale trafikktihøve»*. Ei særleg utfordring for dette planarbeidet vert å få til ei god og tenleg kopling mellom E 39 og lokalvegnettet, samstundes som ein tek vare på tilhøve for «stamvegtrafikken». Val av løysingar i dette planarbeidet vil gjerne verte mal for den vidare planlegginga av E 39.

Vi saknar elles nærmare omtale i planprogrammet av kva utfordringar/problemstillingar som ein vil ta tak i ved dette planarbeidet. M.a. er det ikkje gjeve opplysningar om trafikktihøve (stamvegtrafikk og lokaltrafikk, omfang av og moglege årsaker til ulykker, kapasitetsproblem, tal syklande/gåande og potensialet for auka bruk av sykkel/gange, kollektivtransport osb.).

Vegstrekninga tilbyr i dag därlege tilhøve for transportsyklistar og andre mjuke trafikantar. Som lekk i arbeidet med eit høgare tryggleiksnivå for dei vegfarande, bør tilrettelegginga for desse trafikantgruppene inkluderast både i planlegginga og ved val av løysingar.

Fylkesmannen tek til etterretning at ein i framlegget til planprogram har ynskt å presentera eit breitt spekter av ulike alternativ når det gjeld traséval og tunnel/dagløysingar med ulik grad av realisme. Vi vil likevel allereie no signalisere at alternativ med dagløsing gjennom Landåsen (alt. 4, og dels alt. 3) vil vere særleg konfliktfylt når det gjeld friluftsliv. Når det gjeld over-

ordna arealplanlegging i Stord kor E 39 fungerer som ei «markagrense», vil det vere strategisk uehdlig å flytte denne grensa monaleg. Statleg mål for arealplanlegging er å konsentrera vidare bustadutbygging innanfor dagens byggesoner for å styrke grunnlaget for meir miljøvenleg transport ved daglege gjeremål.

Elles har vi merkt oss at det ikkje er gjeve føringar når de gjeld val av kryss og plassering av desse mellom E 39 og lokalvegnettet. Det saknar vi og det bør takast inn i planprogrammet.

Når det gjeld val av vegstandard på E 39, vert det vist til (alt. 1) at dette skal fastsetjast når dimensjonerande trafikkmengde er berekna. Ved berekning av dimensjonerande trafikk vil trafikkmengde på ny veg venteleg vere vesentleg påverka av val av kopling mellom «ny» E 39 og lokalveg.

I tillegg til dei tema som er nemnt over og i framlegget til utgreiingsprogram, vil vi særleg peike på barriereeffektar av oppgradert E 39 både for dyr og menneske, vegtrafikkstøy, arealoppgåve (nedbygging dyrka mark osb.) og handtering av eventuelle overskotsmassar.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi: Statens Vegvesen - Region Vest